

NVE /Anne Johanne Rognstad
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Referanser.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
20/21601	20/9414	Asle J. Andås - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		27.05.2020

Uttale til høyring av søknaden - Kvandalselva kraftverk

Viser til oversendt høyringsbrev av søknad om å få bygge Kvanndalselva Kraftverk i Bjørnafjorden kommune i Vestland fylke.

Sunnhordland Kraftverk AS søker om å få bygge Kvanndalselva kraftverk. Dette medfører å demme opp utløpet frå Holdhustjørna og dermed kunne regulere tjørna 2 meter. Dei søker om å få overføre vatn frå Åreidselva og ein sidebekk til Kvanndalselva til Holdhustjørna. Og sist, men ikkje minst, bygging og drift av tilhøyrande kraftstasjon, koblinganlegg, kraftliner og tilkomst.

Bjørnafjorden kommune vil gjere merksam på følgjande:

I høve gjeldande kommmuneplan så er området rundt Holdhustjørna og sjølve kraftverket ved Vengsvatnet, med tilhøyrande anlegg, LNF-område. Det er ikkje tatt inn noko føringer for bygging av kraftverk i føresegnene til komonneplanen. Inntaket i Åreidselva ligg i eit område som er sett av til idrettsformål. Planlagt tilkomstveg eller oppgradert skogsveg går gjennom nedslagsfeltet til vassforsyningasanlegget ved Skjelbreid.

Tiltaket berører òg ein godkjent reguleringsplan. Inntaket i Åreidselva ligg innanfor eit regulert område. Området er regulert til friområde i gjeldande reguleringsplan for Bygdastølen ski- og tursenter frå 2006.

Generelt så er tilliggande fjellområder rundt Bygdastølen ski- og tursenter òg eit mykje brukt som turområde både sommar og vinter og har såleis vesentlege friluftsinteresser. Regulering av Holdhustjørna og inntak av tilliggande bekk og elv vil kunne endre terrenget og natur nær skianlegget.

Området ved Holdhusstølen, Holdhustjørna og vestover fjellet har fine friluftskvalitetar. Det blir viktig å sikra god tilkomst til desse områda frå skianlegget og utfartsparkeringa her. Det har lenge vore tankar om ei bru i området der søker planlegg inntaksdam, for å opna for

ferdsel på sørsida av Holdhustjørna. Kanskje kan ein legga til rette for ei trygg kryssing av elva i samband med inntaksdammen?

Ei regulering av vass-speglet i Holdhustjørna vil vera til hinder for ferdsel over isen på vinteren. Som eit avbøtande tiltak i desse planane, må det sikrast og leggjast til rette for ein trase for ei turløype vinterstid både på nord og sørsida av vatnet.

Utnytting av lokale ressursar er i utgangspunktet positivt, men det må gjerast på ein slik måte at det ikkje øydelegg for andre interesser i nærområdet. Anlegget må ikkje forringe vasskvalitetet til vassforsyningasanlegget ved Skjelbreid, som er eit klausulert området. Krav fra Mattilsynet må etterkommast. Anlegget må ikkje redusere friluftsinteressene i fjellområdet rundt Bygdastølen ski- og tursenter. Vassinntaket i Åreidselva må utformast slik at det ikkje er i konflikt med det regulerte formålet. Dersom kraftverket oppfyller alle desse krava og i tillegg kan tilføre kommunen nye goder, vil kommunen vere positiv til å gje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan og tilrå at Kvanndalselva kraftverk kan jobbe vidare med sine planar.

Med vennleg helsing

Jannicke Sem-Onarheim
Plansjef

Asle J. Andås
Kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.